



Odd Håkon Haugen
Hoplandssjøen 59
5943 Austrheim

Dykkar ref.:

Vår ref.:
23/253 - 1 / CMS

Dato:
16.02.2023

Pålegg om fjerning av ureine massar - Dyrneset

Administrativt vedtak. Saknr:

Vi syner til tidlegare samtaler om urene massar på området ved dyrneskrysset.

Vedtak

Med heimel i forureiningslova § 37 gjevest det pålegg om snarast å fjerne dei urene massane, herunder planten parkslirekne gbnr. 156/4 og 160/124.

Vilkår:

1. Frist for opprydding vert satt til 15.04.2023
2. Det skal dokumenterast for kommunen at massane er forsvarleg behandla.

Saksutgreiing:

Kommunen har vore på synfaring på eigedomen.

Kommunen registeret massar som må definerast som enten søppel eller inneholder plast og planta Parkslirekne. Denne planta er oppført på Norsk framand artsliste frå 2018 og er vurdert **å utgjera ein svært høg økologisk risiko** for stadeigne artar og naturtypar. De urene massane som er registrert må fjernast straks. Særleg plarkslirekne har høgt skadepotensial og spredast raskt. Kommunen har tatt bilde og tidlegare varsle parten om forholda. Dette var tidlegast gjort i mai 2022. Kommunen kan ikkje sjå at massane er tilfredsstillande reinsa/ og fjerna.

Massane er plassert der av parten som ein del av tilbakeføring til LNF-areal kor parten har frist til 01.05.2025 for ferdigstilling av arbeidet. Vedtaket lyder som følgjer:



Sætremarka 2
5943 AUSTRHEIM
austrheim.kommune.no



56 16 20 00
post@austrheim.kommune.no



Føretaksreg.: 948350823
Bankkonto: 1594.11.80407

Austrheim kommune gjev dispensasjon frå LNF føremålet i kommunedelplanen og dispensasjon frå plankrav for oppgradering av om lag 40 dekar jordbruksareal som omsøkt på følgjande vilkår:

- 1.Arbeidet skal ferdigstilla innan 01.05. 2025.
- 2.Ved ferdigstilling skal området vera ferdig grøfta og sådd i og vera klar til maskinell innhausting.
- 3.Berre reine natur- og jordmassar frå Austrheim kommune kan plasserast her. Det må kunne dokumenterast at massane er reine med å ta analyser av massar som vert lagt ut.
- 4.Det skal vera anleggsgjerde omkring planeringsfelta og ein låsbar port inn til området som skal stengast kvar dag etter arbeidstida.
- 5.Avrenning frå jordmassane skal hindrast med filterduk/torv eller med voll/ fangedam o.l..
- 6.Dersom det kjem fram kulturminner under arbeidet må alt arbeid stoppast og Hordaland fylkeskommune varslast.
- 7.Dersom tiltaket skapar støy og miljøproblem for naboor eller andre interesser kan Austrheim kommune oppheva omgåande dette dispensasjonsvedtaket.
9. Det må lagast ein landskapsplan som viser korleis området skal sjå ut når arbeidet er ferdig.
- 10.Tiltaket må få ein etappevis ferdigstilling som vist i planeringsplan datert 02.06.2014 , slik at arealinngrepet ikkje vert eit opent sår i heile anleggsperioden. Dette må visast i igangsettingssøknaden og vurderast i byggesaka.

Grunngjevinga for vedtaket er at tiltaket er positivt for framtidig landbruksdrift i dette LNF området og at massehandtering må løysast på ein optimal måte i nærleiken av område avsett til næringsområde i kommuneplanen. Grunngjevinga er elles gjeve i saksutgreiinga.

Vedtaket er heimla i plan- og bygningslova § 19-2 jf. § 11-6 og § 12-1.

Kommunen påpeikar her at punkt 7 gir kommunen grunnlag for å oppheva dispensasjonen viss «tiltaket skapar...miljøproblem...». Kommunen vurdera dett fortløpande.

Kommunen er som forureiningsmyndighet pliktig til å følgje opp forhold som kan vere i strid med lova, jf. § 48.

Forureiningslova § 37 første ledd gjev kommunen mynde til å pålegga den som har etterlat avfall å rydda opp. Andre ledd gir også forurensningsmyndigheita mynde til å pålegge eigar å fjerna avfallet. Forutsetninga er imidlertid at avfallet kan ”verke skjemmande eller vere til skade eller ulempa for miljøet”.

Austrheim kommune meiner at plikta til å fjerne forureininga etter § 7 i forureiningslova gjer seg gjeldande her.

Dersom pålegg ikkje vert gjort innan frista vil Austrheim kommune ileggja tvangsmulkt inntil opprydding skjer (if. forureiningslova § 73). Denne summen vert truleg sett til kr 750 pr. dag.

Kommunen be om å verta varsle når oppryddinga er føretatt. Me må få inn dokumentasjon på at avfallet/gjenstandane er handsama på ein godkjent måte. Avfallet som kan forureina skal leverast til godkjent avfallsmottak, og eventuelt farleg avfall skal leverast til mottak for farleg avfall. NGIR i Kjevikdalen tek i mot slik avfall. Ta gjerne kontakt med dette selskapet for info og råd.

Kommunen legg til grunn at forhaldet på eigedomen er i strid med forureiningslova § 7 og § 28 (forbod mot forureining og forsøpling).

Etter dette er det dykket no førehandsvarslet om at eventuell tvangsmulkt ved manglende gjennomføring av pålegg vil kunne komme, jf. forvaltningslova § 16.

Kommunen oppmoder parten til dialog med sakshandsamar og/eller einingsleiar Asbjørn Nagell Toft vidare i saka.

Med helsing

Christopher Marius Straumøy
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ingen signatur

Mottakere:

Odd Håkon Haugen

Hoplandssjøen 59

5943

Austrheim